

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. et., Fylkeshuset
Dato: 01.12.2015
Tidspunkt: 09:00-11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	FL R/SV/SP/KRF
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Søvik (møtte kl 09:25)	Nestleiar	FFO
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Nina Murberg	Medlem	FFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kirsten Syljeset	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
May Eva Sandvik	Kirsten Syljeset	H

Merknader

Inge Fiskvik møtte kl 09:25 under handsaming av sak RS 55/15.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Stanley Hauge	Leiar fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 52/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 53/15	Godkjenning av sakliste		
PS 54/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 55/15	Referatsak (Meldingar)		
RS 40/15	Referat frå RMNF-AU 18.11.2015	2014/558	
RS 41/15	Saker til fylkesrådet for funksjonshemmede - 16.11.2015	2015/8173	
RS 42/15	Utale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 56/15	Temadag og opplæring av dei kommunale råda - utkast til program	2014/558	
PS 57/15	Forslag til budsjett 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 58/15	Ymse		

PS 52/15 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2015

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

PS 53/15 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2015

Vedtak

Sakslista vart godkjent med den endring at sak «56/15 Temadag og opplæring av dei kommunale råda – utkast til program» vert teken opp som siste sak.

PS 54/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2015

Vedtak

Møteboka frå 04.11.2015 vart godkjent med følgjande merknader:

Side 1 under merknader:

Fylkesvaraordføraren deltok på deler av møtet.

PS 55/15 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2015

I samband med RS 42/15 «Uttale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett – frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne» opplyste leiar Kjell Håland at i budsjettinnstillinga frå fylkesutvalet 19.11.2015 er forslag om tilskot på 150 000 kr til FFO, 50 000 kr til SAFO og 10 000 kr til Dysleksiforeningen i Bergen og omland. Budsjettet vert vedteke av fylkestinget 8.-9. desember.

RS 40/15 Referat frå RMNF-AU 18.11.2015

RS 41/15 Saker til fylkesrådet for funksjonshemmede - 16.11.2015

RS 42/15 Utale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

PS 56/15 Temadag og opplæring av dei kommunale råda - utkast til program

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gir arbeidsutvalet fortsatt mynde til å førebu arrangementet 22.-23. februar 2016 etter utkast til program som vart førelagt rådet.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2015

Kjell Håland sett fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gir arbeidsutvalet fortsatt mynde til å førebu arrangementet 22.-23. februar 2016 etter utkast til program slik det er førelagt rådet og etter innspel i drøftingane i møtet.

AU får fullmakt til å fastsetja programmet.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Avgjerd

1. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gir arbeidsutvalet fortsatt mynde til å førebu arrangementet 22.-23. februar 2016 etter utkast til program slik det er førelagt rådet og etter innspel i møtet.
2. AU får fullmakt til å fastsetja programmet.

PS 57/15 Forslag til budsjett 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til avgjerd

Med atterhald om fylkestinget sitt vedtak om Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019 vedtek rådet for menneske med nedsett funksjonsevne budsjett 2016 slik det føreligg.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2015

Røysting

Fylkesadministrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Avgjerd

Med atterhald om fylkestinget sitt vedtak om Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019 vedtek rådet for menneske med nedsett funksjonsevne budsjett 2016 slik det føreligg.

PS 58/15 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.12.2015

Arbeidsutvalet vil ha eit ekstramøte i desember for å fastsetja programmet for Temadag og opplæring av dei kommunale råda 22.-23. februar 2016. AU finn møtedag i samarbeid med administrasjonen.

Arbeidsutvalet tek sikte på å ta ein ringjerunde til leiarane i dei nye kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne når dei nye råda er på plass.

RMNF ynskjer ei orientering om den formelle saksgangen i fylkeskommunen og kva saker som skal/kan gå til RMNF.

Det vart stilt spørsmål om oppretting av ei facebookgruppe for medlemmene i RMNF. Dette vert å koma tilbake til i seinare møte

